

Bestilling 2021

Betanien sykehus AS

Vedlegg til rammeavtale med verknad frå 01.01.2005 mellom
Helse Vest RHF og
Stiftelsen Betanien Bergen

1. Bestilling

I 2021 bestiller Helse Vest RHF spesialisthelsetenester frå Betanien sykehus AS ihht. tabellen nedanfor.

Somatikk – Betanien spesialistpoliklinikk

Føljande stykkprisfinansierte oppgåver, polikliniske konsultasjonar og laboratorie- og røntgenundersøkingar inngår i bestillinga:

Tabell 1.1

	2020	2021
Innsatsstyrt finansiering – bestilling av DRG-poeng	832	850
Laboratorieprøver	125 000	125 000
Røntgenundersøkingar	21 000	17 000

Psykatri - barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk og vaksenpsykiatrisk senter

Tabell 1.2 - Barnepsykiatrisk poliklinikk

	2020	2021
Tal på konsultasjonar	8200	8200

Tabell 1.3 – Vaksenpsykiatriske senter

	2020	2021
Heildøgnsavdeling		
Tal på plasser	26	26
Tal på opphaldsdøgn	8500	8500
Avdelingsopphald Dag	250	250
Allmennpsykiatriske poliklinikk		
Tal på konsultasjonar	17000	17000

Dersom bestillinga viser seg å være meir omfattande enn det behovet tilseier, har ikkje Betanien sykehus AS rett til å initiere annan type behandling eller annan type verksemd til erstatning for bestillinga med mindre det er avtalt med Helse Vest.

Betanien sykehus AS består av somatisk senter, psykiatrisk senter og spesialistpoliklinikk.

Avtalen med Helse Vest er knytt til levering av distriktspsykiatriske tenester, polikliniske tenester innan barne- og ungdomspsykiatri og somatisk spesialistpoliklinikk.

Betanien psykiatriske senter består av distriktspsykiatrisk senter med poliklinikk, sengepost og dagavdeling; og barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk. Betanien sykehus har ansvaret for

allmennpsykiatriske tenester for vaksne for bydelane Laksevåg og Fyllingsdalen - tilsvarande eit distriktpsikiatrisk senter. Den barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikken har same opptaksområde.

Betanien spesialistpoliklinikk består av dagkirurgisk poliklinikk, røntgensenter og laboratorium.

Betanien sykehus AS skal i tillegg medverka og/eller delta i oppfølging av dei oppdraga som er stilt til Helse Vest RHF i oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøta, der dette har naturleg samanheng med dei tenestene som Betanien sykehus AS leverer. I kapittel 5 – 14 nedanfor har Helse Vest konkretisert nokre av desse oppdraga i form av konkrete mål for Betanien sykehus AS i 2021. Bestillinga inneheld også informasjon om nokre prosjekter kor det er mulig at Betanien sykehus AS vil bli bedt om å medverke. Helse Vest vil elles kome tilbake med nærmare informasjon om krav til medverknad/oppfølging av konkrete prosjekter.

Mange av dei oppdraga som er gitt i tidlegare års bestilling vil framleis krevje oppfølging utan at dei er spesielt nemnde i bestillinga for 2021. Dette gjeld generelle føringar som det er forventa er ein del av verksemdstyringa, og krav og oppdrag som ikkje er gjennomført som føresete. Sjølv om det ikkje blir stilt krav om rapportering for desse områda forventar Helse Vest at arbeidet fortsetter, og status for arbeidet vil kunne bli etterspurt i avtaleoppfølginga.

2. Betaling

2.1 Betalingsmodell

Betalingsmodell for tenestene er ein kombinasjon av innsatsstyrt- og basisbetaling. Betalinga som omtalt i punkt 2.2, 2.3 og 2.4 nedanfor viser den fulle og heile betaling frå Helse Vest til Betanien sykehus AS for tenestene.

2.2 Innsatsstyrt betaling somatikk

For kvart produserte DRG poeng mottar Betanien sykehus AS 50 prosent av den sentralt vedtekne DRG- prisen i betaling.

I 2021 utgjer det kr. 23 359 pr. DRG-poeng. Dette gjeld behandling av pasientar ved sjukehusopphald, dagbehandling/dagkirurgi og poliklinikk.

Dersom departementet vedtar endringar av den sentralt vedtekne DRG-prisen skal endringa få konsekvens for Betanien sykehus AS, under føresetnad av at endringa blir gjort parallelt for dei eigne helseføretaka til Helse Vest og andre avtalepartnar.

For bestillinga på 850 DRG-poeng utgjer ISF-andelen av betalinga totalt kr. 19 862 000,-

2.3 Innsatsstyrt betaling psykiatri

For polikliniske tenester innan psykisk helsevern mottar Betanien sykehus AS en innsatsstyrt betaling basert på reell aktivitet gjennom året, målt etter DRG systemet.

Einingsprisen per DRG for poliklinisk psykisk helsevern utgjer kr 3 223,- for 2021.

Basert på bestillinga er det for Betanien sykehus AS forventa aktivitet tilsvarande 4000 DRG. Basert på dette er det berekna ei overslagsløyving på kr 12 892 000 for den innsatsstyrte betalinga.

Dersom departementet vedtar endringar av den sentralt vedtekne einingsprisen skal endringa få konsekvens for Betanien sykehus AS, under føresetnad av at endringa blir gjort parallelt for dei eigne helseføretaka til Helse Vest og andre avtalepartner.

2.4 Basisbetaling

Grunnbetaling:	kr. 201 187 000,-
Kapitaltilskot	kr. 1 007 000,-
Sum basisbetaling	kr. 202 194 000,-

Basisbetalinga er justert med 2,45 % fra 2020. Storleiken på deflatorjusteringa blir grunngjeve med at dei private ideelle også må ta sin del av effektivisering og reforma for avbyråkratisering.

2.5 Betalingsfrist

Basisbetalinga og den innsattsstyrte delen av betalinga blir utbetalt á konto, forskotsvis med 1/12 av total ramme, 8. dag i kvar måned.

2.6 Betalingsjustering

Betanien sykehus AS skal varsle Helse Vest straks det er grunn til å tro at aktiviteten på årsbasis vil bli vesentleg lågare enn bestillinga.

2.6.1 Innsattsstyrt betaling - årlig avrekning

Etter utløpet av kvart år skal det skje ei årlig avrekning av den innsattsstyrte betalinga basert på den faktiske produksjonen av DRG poeng sett opp mot bestillinga og dei månadlege utbetalingane. Avrekninga skjer snarleg etter det endelege avrekningssoppgjeret til Helse- og omsorgsdepartementet.

Dersom avrekninga visar at aktiviteten på Betanien sykehus AS har vært høgare enn bestillinga (som ligg til grunn for dei månadlege utbetalingane) skal Helse Vest utbetale differansen. Ved lågare produksjon skal Betanien sykehus AS tilbakebetale differansen.

2.6.2 Basisbetaling – årlig avrekning

Dersom aktiviteten hos Betanien sykehus AS i 2021 er lågare enn bestillinga kan Helse Vest redusere basisbetalinga tilsvarende.

Dersom aktiviteten hos Betanien sykehus AS i 2021 er høgare enn bestillinga får dette ingen verknad for basisbetalinga.

Lågare aktivitet vil også kunne resultera i ei lågare bestilling neste år.

2.7 Andre forhold

Helse Vest vil handtere pensjonen til dei private ideelle i tråd med dei føringar og prinsipp som blir gitt frå staten. Ved handteringa av pensjonen i 2014 oppstod det eit positivt resultat som i sin heilskap skal gå til styrking av eigenkapitalen og må sjåast op mot seinare års forventa auke i pensjonskostnader.

Helse Vest vil følgje med på utviklinga i status fordel pensjon frå 2014. Når denne fordelten er brukt opp, vil Helse Vest handtere endring i pensjon på same måte som staten legg opp til.

Dersom det oppstår ein problemstilling knytt til likviditet som følgje av forskjell mellom pensjonspremie og pensjonskostnad, kan institusjonen søkje Helse Vest om eit likviditetslån.

Når Betanien sykehus blir bede om å delta i regionale prosjekt skal verksemda etter avtale stille nødvendige ressursar til disposisjon for å gjennomføre prosjekta. Betanien sykehus AS skal som hovudregel dekke utgifter til eigne ressursar inkludert reise i samband med prosjektarbeidet.

I den grad Helse Vest i 2021 kompenserer eigne helseføretak for ekstraordinære lønns- og pensjonsutgifter vil også Betanien sykehus AS få tilsvarende kompensasjon. Det er ein føresetnad at Helse- og omsorgsdepartementet har satt slik likebehandling som vilkår.

I den utstrekning helseføretak eigd av Helse Vest i løpet av 2021 mottar ekstra tildelingar, for eksempel i forhold til spesielle satsingsområde samt til utstyr osv., har Betanien sykehus AS rett til likebehandling med desse. Det er ein føresetnad at Helse- og omsorgsdepartementet har satt slik likebehandling som vilkår.

Helse Vest føreset at eit eventuelt årleg driftsoverskot blir nytta til dekning av tidligare års underskot, og gjennom dette styrking av eigenkapitalen. Utover dette føreset Helse Vest at eit eventuelt driftsoverskot blir nytta til å styrke grunnlaget for dei tenestene avtalen med Helse Vest RHF omfattar. Eksempel på dette er investering i bygg og anlegg, IKT, utstyr og forbetra drift.

3. Overordna føringar til spesialisthelsetenesta

Helse- og omsorgsdepartementet har i oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2021 gitt overordna føringar for spesialisthelsetenesta. Desse generelle føringane gjeld også for de tenestene som Helse Vest bestiller frå Betanien sykehus AS.

4. Nye dokument som er gjeldande frå 2021

Følgjande nye dokument skal leggjast til grunn for utføring og vidareutvikling av tenestene:

Nasjonale dokument

- Meld. St. 15 (2019 – 2020) Også vi når det blir krevet - Veteraner i vår tid
- Meld. St. 24 (2019 – 2020) Vi skal alle dø en dag. Men alle andre dager skal vi leve
- Meld. St. 11 (2020 – 2021) Kvalitet og pasientsikkerhet 2019
- Regjeringens handlingsplan for forebygging av selvmord 2020-2025
- Demensplan 2025
- Sammen om aktive liv. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029
- Nasjonal handlingsplan for kliniske studier (2021–2025)
- Nasjonal alkoholstrategi 2020–2025
- Vi – de pårørende. Regjeringens pårørendestrategi og handlingsplan
- Strategidokumentet *Spesialisthelsetjenester til den samiske befolkningen*

Interregionale dokument

- Interregional rapport «Prioritering av arbeidsrettet behandling i spesialisthelsetjenesten»
- Strategidokumentet *Spesialisthelsetjenester til den samiske befolkningen*

Regionale dokument

- Rammeverk for verksemdstyring i Helse Vest
- Regional plan for psykisk helse 2020 - 2024 handlingsplan
- Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024

5. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga

Ventetidene har auka som følge av virusutbrotet, og utsette pasientavtalar må takast igjen. Pasientane skal sleppe unødvendig ventetid. Pasientforløpa skal vere gode og effektive. Det er innført pakkeforløp for psykisk helsevern. Kunnskap om variasjon i kapasitetsutnyttinga skal brukast aktivt som grunnlag for å auke kapasitet og gje meir likeverdig tilgang til helsetenester. Digitale helsetenester kan bidra til eit meir differensiert og tilpassa tenestetilbod, og betre ressursutnytting. Bruk av video- og telefonkonsultasjonar har vore avgjerande for å kunne sikre eit trygt tilbod til pasientane gjennom pandemien.

5.1 Ventetider somatikk

Mål 2021:

- Gjennomsnittleg ventetid skal reduserast samanlikna med 2020. Gjennomsnittleg ventetid skal vere under 50 dagar ved Betanien sykehus AS i 2022. Kravet gjeld gjennomsnittstal for kvar kalendermånad.

5.2 Pasientavtalar

Mål 2021:

- Betanien sykehus AS skal overhalde ein større prosentdel av pasientavtalane samanlikna med 2019 (passert planlagd tid). Regionen skal overhalde minst 95 pst. av avtalane innan utgangen av 2021.

5.3 Planlagde episodar

Mål 2021:

- Betanien sykehus AS skal auke andel planlagde episodar med tildelt time dei første 6 månadane i 2021, samanlikna med andre halvår 2020, målt ved indikatoren planleggingshorisont.

5.4 Polikliniske video- og telefonkonsultasjonar

Mål 2021:

- Prosentdelen polikliniske konsultasjonar som gjennomførast over video og telefon skal vere over 15 pst. Bruk av polikliniske video- og telefonkonsultasjonar vil variere innanfor ulike fagområde og for ulike pasientgrupper. Til no er det i hovudsak innanfor områda psykisk helsevern og kronisk sjuke pasientar dette har vore brukt. Det er viktig at Betanien sykehus AS i første halvår 2021 gjer grundige faglege vurderingar for bruk av video- og telefonkonsultasjonar.

5.5 Fristbrot

Mål 2021:

- Ingen fristbrot.

6. Styringsinformasjon

Styringsinformasjon skal bidra til auke kunnskap om resultat av behandling og redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga. Helse Vest RHF utviklar skreddarsydd rapportar for alle fagområde. Føremålet er å måle og bidra til å forbetre samhandling mellom kommunar, avtalespesialistar og spesialisthelsetenesta og redusere uønska variasjon i kapasitetsutnytting. Betanien sykehus AS skal nytte dei regionale løysingane for styringsdata til styring av og rapportering om verksemda.

7. Psykisk helsevern

Pasientane skal oppleve samanhengande tenester på tvers av spesialisthelseteneste og kommunar, og implementering av pakkeforløp har høg prioritet. Samanhengande tenester er særleg viktige for barn og unge, og for pasientar med alvorlege psykiske lidningar og rusmiddelproblem.

Samarbeid om tilvisingar gjer at pasientane får rett tilbod på riktig nivå. Det er inngått ny rammeavtale med Psykologforeningen og Legeforeningen, med verknad frå 1. mars 2021. Rammeavtalen er utvida med eit punkt som sikrar at alle pasientar som blir tilvist til spesialisthelsetenestene blir rettighetsvurdert, og at det blir oppretta ein veg inn til spesialisthelsetenesta. Helse Vest vil etablere eit prosjekt for innføring av ordninga der helseføretaka, avtalespesialistar og representantar frå kommunar og dei private ideelle deltek.

Betanien sykehus AS skal leggje til rette for å førebygge kriser, akuttinnleggingar og bruk av tvang. Tverrfaglege oppsøkande team som til dømes ACT og FACT-team, der det er eit befolkningsmessig grunnlag for det, bidrar til god og samanhengande behandling.

7.1 Ventetider

Det er definert eigne måltal for gjennomsnittleg ventetid for fagområda psykisk helsevern barn og unge (BUP) og psykisk helsevern for vaksne (VOP). Dei nasjonale måltala for gjennomsnittleg ventetid samsvarer med Helse Vest sine regionale måltal for året:

Mål 2021:

- VOP: under 40 dagar
- BUP: under 35 dagar

7.2 Pakkeforløp psykisk helsevern

Mål 2021¹:

- Prosentdelen pakkeforløp gjennomført innan forløpstid for utgreiing i psykisk helsevern barn og unge og psykisk helsevern vaksne, skal vere minst 80 pst.
- Prosentdelen pakkeforløp som har gjennomført evaluering av behandling i poliklinikk for psykisk helsevern barn og unge og psykisk helsevern vaksne skal vere minst 80 pst.
- Andel av pasienter i pakkeforløp som sammen med behandler har utarbeidet en behandlingsplan skal vere minst 80 pst.

7.3 Epikrise i psykisk helsevern

Mål 2021²:

- Minst 60 pst. av epikrisene skal sendast innan 1 dag etter utskrivning frå psykisk helsevern for vaksne.

7.4 Tvangsbruk i psykisk helsevern

Mål 2021:

- Talet på pasientar med tvangsmiddelvedtak i psykisk helsevern (døgnbehandling) skal reduserast i 2021.

¹ Indikatorane for pakkeforløp psykisk helsevern angir ulike sider ved pakkeforløpa; dei to første er forløpsindikatorar, medan den siste er ein aktivitetsindikator som måler aktiviteten «utarbeiding av behandlingsplan».

² Skjerpa krav samanlikna med 2020, frå 50 til 60 pst.

7.5 Andre oppgaver knytt til psykisk helsevern i 2021

Kompetansenettverk for forebygging av selvmord

- Betanien sykehus AS skal delta i regionalt kompetansenettverk for forebygging av selvmord, når det er etablert.

Felles mottak for tilvisingar i psykisk helsevern

- Betanien sykehus AS skal leggje til rette for at mottak for tilvisingar blir realisert i 2021, i samarbeid med Helse Vest IKT. Helse Vest RHF vil koordinere arbeidet gjennom eit regionalt prosjekt.

8. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Betanien sykehus AS skal arbeide systematisk og målretta med kvalitetsbetring og pasienttryggleik til beste for pasientane. Arbeidsmiljø og pasientsikkerheit må sjåast i samanheng. Forskrift om leing og kvalitetsbetring skal følgjast opp regionalt og lokalt. Forskrifta og Handlingsplan for pasienttryggleik og kvalitetsbetring, er sentrale verktøy for systematisk og leiingsforankra arbeid med kvalitetsbetring og pasientsikkerheit. Det skal vere openheit om forskningsbasert kunnskap, pasient- og pårørande erfaringar, kvalitetsmålingar og uønskte hendingar, som brukast aktivt i kvalitetsbetring og for å redusere uønskt variasjon. Risikovurdering av pasienttryggleik må inngå i planlegging, gjennomføring og evaluering av alle tiltak internt og på tvers av tenestenivå. Arbeidsmiljø og pasienttryggleik må sjåast i samanheng. «En vei inn» er etablert gjennom melde.no for å forenkle innrapportering til melde- og varselplikter.

Betanien sykehus AS har eit ansvar for strategisk og systematisk planlegging for å sikre tilstrekkeleg kompetanse gjennom å utdanne, rekruttere, behalde og leggje til rette for forskning, fagutvikling og livslang læring av helsepersonell.

Betanien sykehus AS skal tilby pasientar og pårørande opplæring som bidreg til at dei kan handtere sjukdom og fremjar helse i kvardagen. Verksemda har ansvar for at dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse om pasient- og brukarrettar til å informere pasientar og pårørande om rettane deira.

8.1 Kvalitetforbetring i helse- og omsorgstenesta

8.1.1 Kvalitet og pasienttryggleik

Mål 2021:

ForBedring

- Prosentdelen "enheter med godt sikkerhetsklime" ved Betanien sykehus AS skal vere minst 75 pst. innan utgangen av 2023.³

8.1.2 Korridorpasientar

Mål 2021:

- Ingen korridorpasientar.

8.2 Andre oppgaver knytt til betre kvalitet og pasienttryggleik i 2021

Utviklingsplan og samisk språk og kulturforståelse

³ Målt gjennom undersøkinga Forbedring og utrekna med Helsedirektoratet sin definisjon på indikatoren.

- Betanien sykehus AS skal i arbeidet med å lage utviklingsplan planleggje for å sikre tilstrekkeleg kompetanse i samisk språk og samisk kulturforståing. Dette vil i hovudsak skje gjennom e-læringskurs og å nytte tolk der dette er relevant.

Melding av uønska hendingar - «En vei inn-løsningen»

- Betanien sykehus AS skal i samarbeid med Helse Vest RHF og Norsk Helsenett leggje til rette for at «En vei inn-løsningen/melde.no» tas i bruk for å melde uønska hendingar, mellom anna biverknadar av legemidler og vaksiner.

Helse og arbeid

- Betanien sykehus AS skal i samarbeid med NAV, sørge for samtidige helse- og arbeidsretta tilbod for pasientar som treng det for å bli inkludert i arbeidsliv eller skole. Tilvisingar til arbeidsretta tilbod skal rettighetsvurderast ut frå felles prinsipp i interregional rapport «Prioritering av arbeidsrettet behandling i spesialisthelsetjenesten».

Kontaktlege

- Betanien sykehus AS skal halde fram med å innføre ordninga med kontaktlege, for å sikre lik praksis basert på pasienten sine behov, uavhengig av fagområde.

9. Forsking og innovasjon

9.1 Forsking

Pasientnær forskning og kliniske behandlingsstudiar er viktig verkemiddel for målet om likeverdige tenester av god kvalitet. Regjeringa lanserte i januar 2021 «*Nasjon handlingsplan for kliniske studier 2021 -2025*». Jambør handlingsplanen er det eit mål at klinisk forskning skal vere ein integrert del av all pasientbehandling.

Helse Vest RHF skal følgje opp handlingsplan for kliniske studiar. Som del av handlingsplanen skal det etablerast NorTrials senter i Noreg for å styrke samarbeid med helsenæringa og auka marknadsføring av Noreg som vertsnasjon for kliniske studiar frå legemiddelindustri og medisin-teknisk industri.

Mål 2021:

- Antal kliniske behandlingsstudiar i verksemdene som inkluderte pasientar i 2021 er auka med minst 15 pst. samanlikna med året før.

Helse Vest RHF ber Betanien sykehus AS om å:

- følgje opp *Nasjon handlingsplan for kliniske studier 2021 – 2025*
- leggje til rette for meir samarbeid om kliniske studiar mellom verksemdene i regionen
- auke talet kliniske studiar som vert koordinert frå regionen
- nytte felles infrastruktur for forskning til dømes innan biobank, datalagring og analyse

9.2 Innovasjon

For å stimulere til næringsutvikling skal næringslivet involverast i planlegging og utforming av planar og vegval for å sikre best mogeleg utnytting av kompetansen og ressursane næringslivet har.

Helse Vest RHF ber Betanien sykehus AS om å:

- vere aktive pådrivarar i innovasjonsarbeid
- nytte idémottaket til å registrere innovasjonsprosjekt

10. IKT-utvikling og digitalisering

10.1 Digitale helsetenester

Pasientane skal i større grad kunne møte spesialisthelsetenesta i heimen gjennom bruk av digital heimeoppfølging, videokonsultasjon og nettbasert behandling, jf. mål i Nasjonal helse- og sjukehusplan. Denne endringa kan i nokre høve påverke samhandlinga mellom spesialisthelsetenesta og kommunal helse- og omsorgsteneste, og føreset utvikling av digital infrastruktur for å understøtte informasjonsdeling både internt i spesialisthelsetenesta og med kommunal helse- og omsorgsteneste når det er relevant. Det er behov for å klargjere kva for tiltak som må gjennomførast på nasjonalt nivå for å leggje til rette for flytting av fleire tenester heim. Helse- og omsorgsdepartementet viser til at Direktoratet for e-helse i 2021 skal utarbeide ein heilskapleg plan og anbefaling om arkitektur og infrastruktur for digital heimeoppfølging. Dei regionale helseføretaka bidrar i dette arbeidet.

Utvikling av meir fleksible og digitale spesialisthelsetenester som legg til rette for betre og meir effektiv oppfølging av pasientane vil vere eit satsingsområde i Helse Vest dei neste åra.

Helse Vest RHF ber Betanien sykehus AS om å:

- delta i det regionale arbeidet knytt til utvikling av digitale helsetenester.
- gjere risikovurderingar før digitale tenester blir etablert for ei ny pasientgruppe. Nye tilbod skal risikostyrast og evaluerast med brukarane. Det vil kunne vere relevant med både tverrfagleg forskning og følgjeforskning på nye tilbod.

10.2 Betre bruk av helsedata

Pasientane, helsepersonell og forskarar opplever at bruk av våre felles helsedata, ved hjelp av teknologi, gir betre og meir presis helsehjelp. Utvikling og tilgjengeleggjering av helsedata skal leggje til rette for forskning, innovasjon og næringsutvikling til det beste for pasientar og innbyggjarar. Betanien sykehus AS skal bidra med data til dei kvalitetsregister som er oppretta innan psykisk helsevern

10.3 Informasjonssikkerheit

Befolkninga skal ha tillit til at helsetenesta tek vare på personvernet deira. Betanien sykehus AS skal ha etablert god kultur for informasjonstryggleik der personell forstår korleis dei skal bidra til digital tryggleik og kva deira personlege ansvar for dette er. Pasientar og pårørande ventar samtidig at helseopplysningar er tilgjengeleg for helsepersonell som behandlar dei.

Helse Vest RHF viser til Riksrevisjonen si undersøking om helseføretaka si førebygging av angrep mot sine IKT-system, jf. Rapportvedlegg til Dokument 3:2 2020-2021 *Riksrevisjonens undersøkelse av helseforetakens forebygging av angrep mot sine IKT-systemer* og til betydninga av at dei funna Riksrevisjonen gjorde, vert følgd opp.

Helse Vest RHF ber Betanien sykehus AS om å:

- delta i det regionale arbeidet med å følgje opp Riksrevisjonen sine hovedfunn, merknader og anbefalingar frå «undersøkinga om helseføretaka si førebygging av angrep mot sine IKT-systemer».
- delta i arbeidet med å utvikle ein regional handlingsplan for arbeidet med informasjonssikkerheit som også omfattar langsiktige tiltak.

- nytte Norsk Helsenett SF sin årlege rapport om truslar, trendar, sårbarheiter og relevante tiltak som sektoren kan nytte i sitt arbeid med risiko- og sårbarheitsvurderingar.
- delta i arbeidet med systematisk innføring av Nasjonal sikkerhetsmyndighet sine grunnprinsipper for IKT-sikkerheit og sikre systematisk adressering av arbeidet med informasjonstryggleik på alle nivå i verksemda.
- delta i arbeidet med å sikre nødvendig klargjering av ansvar, roller og oppgåver i arbeidet med informasjonstryggleik på alle nivå i verksemda.
- presentere status frå arbeidet med informasjonssikkerheit, medrekna den årlege gjennomgangen til leiinga i årleg melding.
- sikre god informasjon og opplæring av medarbeidarar og leiarar i sikkerheitskultur og førebygging av databrudd.

11. Beredskap og sikkerheit

Helse Vest RHF viser til betydinga av at Betanien sykehus AS systematiserer erfaringane dei har gjort med beredskaps- og smittevernarbeid i lys av koronapandemien, og bruker desse aktivt i planarbeidet. Helse Vest RHF viser i denne samanheng også til oppfølging av regional del-evaluering av handtering av koronapandemien. Regional helseberedskapsplan vil bli revidert og vidareutvikla i 2021, mellom anna med grunnlag i den regionale del-evalueringa.

Prosjektet «Felles forsyningsløysing i Helse Vest», skal sikre forsyningsberedskap i Helse Vest. I første fase vil det bli etablert eit forsyningsssenter for beredskapsvarer. I neste fase vil det bli bygd eit komplett forsyningsssenter for Helse Vest.

Helse Vest RHF ber Betanien sykehus AS om å:

- vidareutvikle beredskaps- og smittevernplanar i lys av erfaringar og evalueringar av koronapandemien og tidlegare hendingar og øvingar.
- følgje opp erfaringane frå og evalueringane av handteringa av koronapandemien.

12. Samfunnsansvar

Staten si eigarutøving skal bidra til å nå staten sine mål som eigar på ein bærekraftig og ansvarleg måte. FNs bærekraftsmål er sentrale i staten si eigarskapsmelding. Staten forventar mellom anna at egne selskap er leiande i sitt arbeid med ansvarlig verksemd. Som ledd i dette stillar Helse Vest krav til at private avtalepartar også tar samfunnsansvar.

Helse Vest RHF ber Betanien sykehus AS om å:

- Arbeide med å sikre ei ansvarleg verksemd. Dette inneber mellom anna å førbyggje arbeidslivs- og økonomisk kriminalitet, og ta i vare arbeidstakarrettane.
- Arbeide med å redusere verksemda sitt klimaavtrykk.

13. Bemanning, leiing og organisasjon

Helse Vest viser til tidlegare krav innan bemanningsområdet om å etablere og ivareta heiltidskultur, sørge for trygge og gode arbeidsmiljø, redusere omfanget av moglege AML-brot og sørge for systematisk HMS-arbeid. Dette er langsiktig forbetningsarbeid som må halde fram i 2021.

Koronapandemien har tydeleggjort betydinga av å følgje opp tidlegare krav om å utarbeide planar for å rekruttere, behalde og utvikle personell. Opplæringstiltak som er starta opp for å styrke kompetanse og kapasitet må vidareførast.

Regjeringa er oppteken av å leggje til rette for at kvardagen til helsepersonellet blir så god som mogleg, og har blant anna sett i verk tiltak for å sikre tilgang til smittevernutstyr og vaksinar til helsepersonell. Betanien sykehus AS som arbeidsgjevar, må ta vare på medarbeidarane på ein god måte og tilpasse belastninga for dei tilsette så langt det er mogleg. Dette gjeld og leiarar på alle nivå. Arbeidet må skje i nært samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. I den situasjonen vi no står i, er det viktig å støtte dei tilsette med tiltak som bidrar til eit trygt og sikkert arbeidsmiljø, slik at fråvær og fråfall vert forhindra.

Helse Vest RHF ber Betanien sykehus AS om å:

- vidareføre tiltak for å ta vare på medarbeidarane på ein god måte og ha særskilt merksemd på arbeidsmiljø og arbeidsforhold i lys av koronapandemien.
- sørge for jamleg vurdering av bemanningsplanar i lys av scenario frå Folkehelseinstituttet om smitteutviklinga.
- lage handlingsplanar til ForBedring og aktivt følgje status og framdrift på identifiserte tiltak.
- nytte kunnskapsgrunnlag frå arbeidsplansystemet og felles analysar i prosjekt Vel planlagt og Samskapt planlegging til bemanningsplanlegging.

Utdanning og kompetanse

Helse Vest RHF viser til tidlegare krav om å sikre fleire læreplassar i tråd med måla i Samfunnskontrakt for fleire læreplasser og å sørge for at alle verksemdene har læreplassar innan helsefagarbeidarfaget. Det er ønskjeleg at Betanien sykehus AS legg til rette for å ta imot lærlingar også på andre fagområde som er viktige for drifta av verksemda. Arbeidet med å auke talet på helsefagarbeidarlærlingar skal prioriterast i planperioden.

Helse Vest RHF ber Betanien sykehus AS om å:

- sikre betre planlegging og gjennomføring av praksisperiodar for legar og helse- og sosialfaglige utdanningar.
- sikre at alle medarbeidarar fullfører sine obligatoriske e-læringskurs.
- bidra til å utvikle ein metodikk for kvalitetsoppfølging av utdanning av spesialistar.
- bruke lokal og regional styringsinformasjon til å følgje opp utdanninga av LIS-legar og leggje til rette for forbetring av utdanningsløpet.

Nasjonal bemanningsmodell

Helse Vest RHF ber Betanien sykehus AS om å:

- bruke Nasjonal Bemanningsmodell til å sikre tilstrekkelig framtidig kompetanse og riktig dimensjonering av utdanningskapasitet.
- bidra med kompetanse og ressursar til å gjennomføre strategisk planlegging av utdanning og kompetanse innanfor utvalde yrkesgrupper og spesialitetar, under leiing av Helse Vest RHF.

14. Oppfølging av planer og tilsyn

14.1 Oppfølging av Riksrevisjonen sine undersøkingar

Helse Vest viser til betydninga av å følgje opp undersøkingane til Riksrevisjonen. Helse- og omsorgsdepartementet har i føretaksmøte med Helse Vest RHF trekt fram undersøkingane som handlar om ventetider knytt til fritt behandlingsvalg og helseføretaka si handtering av uønska hendingar.

Riksrevisjonens undersøkelse av ventetider knyttet til fritt behandlingsvalg

Riksrevisjonen si undersøkning av kvaliteten på informasjon om forventta ventetider i ordninga fritt behandlingsval viser at det er til dels store avvik mellom ventetidene pasientane faktisk opplever og

dei forventa ventetidene som er oppgitt på nettsida helsenorge.no/ velgbehandlingssted. Det er stor variasjon mellom behandlingsstader. Det kan føre til at pasientane gjer val av behandlingsstad på feil informasjonsgrunnlag.

Helse Vest RHF ber Betanien sykehus AS om å:

- følgje opp Riksrevisjonen si undersøking av kvaliteten på informasjon om forventa ventetider i ordninga fritt behandlingsval, medrekna å sørge for meir einsarta registrering av forventa ventetider.

Riksrevisjonens undersøkelse om helseforetakenes håndtering av uønskede hendelser

Riksrevisjonen gjennomførte i 2018 ei oppfølging av undersøkinga om helseføretaka si handtering av uønskte hendingar frå 2015. Riksrevisjonen si vurdering var at helseføretaka framleis har utfordringar når det gjeld meldekultur og læring av meldte hendingar. Føretaksmøtet viste og til Dokument 3:2 (2019–2020) *Kontroll med forvaltningen av statlige selskaper*, der Riksrevisjonen har varsla at dei vil følgje opp saka.

Helse Vest RHF ber Betanien sykehus AS om å:

- følgje opp at tiltaka som er sette i verk faktisk fungerer og bruke tilgjengelege verkemiddel som kan bidra til å betre meldekulturen. Arbeidet må sjåast i samanheng med oppfølging av Riksrevisjonen si undersøking i 2018 av styra si oppfølging av kvalitet og pasienttryggleik i spesialisthelsetenesta, samt krav i 2020 om å rapportere på etterleving av forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta.

Betanien sykehus AS skal og følgje opp *Riksrevisjonen si undersøkelse av helseføretaka si handtering av bierverv* (2017–2018) som synte at bierverv i helseføretaka var underrapportert og at helseføretaka mangla generelle retningslinjer og kunnskap om kva for bierverv som skal registrerast.

Helse Vest RHF ber Betanien sykehus AS om å:

- vurdere behovet for, og eventuelt revidere gjeldande retningslinjer, rettleiar og rutine med merksemd på kva som er medarbeidar sitt ansvar og kva som er leiars oppgåve.

Helse Vest har i 2020 utvikla nytt rammeverket for verksemdstyring, jf. pkt. 4. Dette er første skritt for å få til ei meir felles og heilskapleg etterleving av forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i Helse Vest. Arbeidet med risikostyring, leiinga si gjennomgang og topp 5 risikoar i verksemdene er ei vidareføring av dette arbeidet. Med dei tydelige krava til styring og eit heilskapleg styringssystem er forskrifta eit verktøy for leiinga i verksemdene til å styre og følgje opp aktivitetane i verksemda. Forskrifta sine krav til styringssystemet er utgangspunkt for strukturen og prinsippa i rammeverket. Betanien sykehus AS er ansvarlig for at prinsippa blir implementert, tilpassa og gjort relevante.

Det skal vere høg merksemd på læring på tvers etter alvorlege hendingar og tilsyn. Det gjeld innad i verksemda og mellom verksemdene. Betanien sykehus AS skal ha rutinar for systematisk kunnskapsoverføring og læring mellom avdelingar i eiga verksemd, og mellom verksemdene.

Helse Vest RHF ber Betanien sykehus AS om å:

- sørge for å leggje til rette for gode læringssituasjonar, og integrere læring frå tilsyn og uønska hendingar med anna forbetningsarbeid.
- sikre at kunnskapsoverføring og læring på tvers som følgje av tilsyn og uheldige hendingar er ein sentral del av operasjonaliseringa av forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgssektoren.

15. Oppfølging og rapportering

- **Månadleg rapportering**

Betanien sykehus AS skal rapportere månadleg på resultat og aktivitet i tråd med fastsett mal i Excel.

- **Økonomisk rapportering ifm pandemien**

Betanien sykehus AS skal rapportere månadleg på økonomisk konsekvens av pandemien på fastsett mal i Excel.

- **Dialogmøte**

Helse Vest RHF vil i dialogmøter med Betanien sykehus AS følge opp «Mål 2021». Etter behov vil Helse Vest også be om rapportering og følge opp «Andre oppgaver» samt eventuelle andre kvalitetsindikatorar/styringskrav.

- **Rapportering**

Det er eit mål å ha gode og gjennomgåande system for å kunne følge opp utviklinga i tenestene, og det er etablert eit system for rapportering for å sikre dette.

Betanien sykehus AS må sikre god datakvalitet i rapporteringa til regionale og nasjonale register slik at automatisk datainnsamling i størst mogleg grad kan leggjast til grunn i rapporteringa til Helse Vest RHF. Dette vil bidra til at rapporteringsbyrda for verksemdene blir så låg som mogeleg.

Betanien sykehus AS har ansvar for å melde frå til Helse Vest RHF om vesentlege avvik i forhold til planlagd målsetjing.

15.1 Rapportering på kvalitetsindikatorar

Det skal rapporterast om nasjonale kvalitetsindikatorar som er fastsette av Helsedirektoratet og NPR, sjå vedlegg 1 «Mål 2021 – datakjelder» .

15.2 Årleg melding

I medhald av helseføretakslova § 34 skal Helse Vest RHF sende ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet innan 15. mars 2022.

Betanien sykehus AS skal sende ei tilsvarande årleg melding til Helse Vest RHF innan **14. januar 2022**. Meldinga er med på å danne underlag for Helse Vest RHF si melding til departementet. Det skal rapporterast på alle mål og oppgaver for 2021 i bestillinga. I løpet av hausten 2021 blir det sendt ut ein mal for årleg melding som Betanien sykehus AS skal bruke. I malen vil Betanien sykehus AS bli bedt om å rapportere om tiltak som er gjennomførte for å nå måla for alle styringsparametrane, sjå vedlegg 1. Helse Vest RHF hentar sjølv ut tala frå dei datakjeldane som er oppgitt.

Meldinga er eit ledd i eit samanhengande plan- og styringssystem mellom Helse Vest RHF og verksemdene.

15.3 Innspel til bestilling 2022

Helse Vest ber Betanien sykehus AS om å:

Sende eventuelle spesielle ønsker eller innspel til bestillinga for 2022, særlig der desse inneber eit behov for økonomisk styrking, skriftlig til Helse Vest innan **30. september 2021**.

Eventuelle ønsker om endring eller styrking i 2022 må på forhand være diskutert med det lokale helseføretaket og det skal framkomme av den skriftlege førespurnaden til Helse Vest korleis det lokale helseføretaket stillar seg til den etterspurte endringa.

16. Vedlegg

Vedlegg 1: Mål 2021. Datakjelder

Vedlegg 2: Oversikt over regionale planar

Denne avtalen er signert i to originale eksemplar, eit til kvar av partane.

Denne avtalen er signert i to originale eksemplar, eit til kvar av partane

Dato:.....

Dato:.....

HELSE VEST RHF

BETANIEN SYKEHUS AS

Inger Cathrine Bryne
Administrerende direktør

Eli Julseth Birkhaug
Direktør

Vedlegg 1

Mål 2021. Datakilder

Tabell 1. Mål 2021. Datakilder og publiseringsfrekvens

Mål 2021	Mål	Datakilde	Publiseringsfrekvens
1 Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga			
Gjennomsnittleg ventetid.	Redusert i regionen samanlikna med 2020. Skal vere under 50 dagar i regionen i 2022. Målast som årleg gjennomsnitt.	Helsedirektoratet	Månadleg
Prosentdelen pasientkontaktar som har passert planlagt tid av totalt antal planlagde pasientkontaktar. Må målast med same uttrekksdato som året før.	Redusert i regionen samanlikna med 2019. Skal overhalde minst 95 % av avtalane innan utgangen av 2021.	Helsedirektoratet	Tertialvis
Prosentdelen planlagde episodar med tildelt time dei neste 6 månader.	Auka i regionen samanlikna med andre halvår 2020, målt ved indikatoren planleggingshorisont.	Helsedirektoratet	Månadleg
Prosentdelen polikliniske konsultasjonar som gjennomførast over video og telefon.	Minst 15 %	Helsedirektoratet	Tertialvis
Gjennomføring av organspesifikke pakkeforløp for kreft (samla for 26 krefttypar) innan maksimal tilrådd forløpstid ⁴ .	Minst 70 % Variasjon i måloppnåing på helseføretaksnivå skal reduserast.	Helsedirektoratet	Tertialvis
2 Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling			
Høgare vekst innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Distriktpsikiatriske senter og psykisk helsevern for barn og unge skal prioriterast innan psykisk helsevern. Veksten blir målt i gjennomsnittleg ventetid for avviklande, kostnader (kostnader til avskrivningar, legemiddel og pensjon synleggjerast, men haldast utanfor) og aktivitet (polikliniske opphald). I 2021 målast kostnader innan psykisk helsevern og TSB mot resultat innan somatikk 2019.	Innan 2021 skal gjennomsnittleg ventetid vere lågare enn 40 dagar for psykisk helsevern vaksne, lågare enn 35 dagar for psykisk helsevern barn og unge og lågare enn 30 dagar for TSB. Gjennomsnittleg ventetid målast som årleg gjennomsnitt. Den prosentvise veksten i kostnader innan psykisk helsevern og TSB skal vere høgare enn han var for somatikk i 2019, dvs. høgare enn 5,4 %. Prosentvis større auke i aktivitet.	Gjennomsnittleg ventetid: Helsedirektoratet Kostnader: rekneskapen til dei regionale helseføretaka. Polikliniske opphald: Helsedirektoratet (ISF)	
Forløpstid for utgreiing i psykisk helsevern barn og unge, psykisk helsevern vaksne og TSB	Minst 80 %	Helsedirektoratet	Tertialvis
Forløpstid for evaluering av behandling i poliklinikk, psykisk helsevern barn og unge, psykisk helsevern vaksne og TSB	Minst 80 %	Helsedirektoratet	Tertialvis
Prosentdelen epikrisar sende innan 1 dag etter utskrivning frå psykisk helsevern for vaksne. Prosentdelen epikrisar sende innan 1 dag etter utskrivning frå tverrfagleg spesialisert rusbehandling.	Minst 60 %	Helsedirektoratet	Tertialvis

⁴ Prosentdelen pakkeforløp som har ei forløpstid frå start av forløpet til start av kirurgisk, medikamentell- eller strålebehandling, som er innanfor standard forløpstid, for lunge-, bryst-, prostata- og tjukk- og endetarmskreft, kreft i spiserør og magesekk, blærekreft, testikkelkreft, skjoldbruskkjertelkreft, kreft hos barn, hjernekreft, neuroendokrine svulstar, føflekkreft, peniskreft, bukspyttkjertelkreft, myelomatose, akutt leukemi, kronisk lymfatisk leukemi, galleveiskreft, primær leverkreft, hovud- halskreft, lymfom, nyrekreft, livmorkreft, eggstokkreft, livmorhalskreft og sarkom.

Mål 2021	Mål	Datakilde	Publiseringsfrekvens
Antal pasientar i døgnbehandling i psykisk helsevern med minst eitt tvangsmiddelvedtak	Redusert samanlikna med 2020.	Helsedirektoratet	Årleg
3 Bättre kvalitet og pasientsikkerheit			
Prosentdelen somatiske pasientopphald med pasientskade, målt med metoden GTT, skal reduserast til 10 % innan 2023.	Redusert til 10 % innan 2023.	GTT-undersøkingane Helsedirektoratet	Årleg
Prosentdelen einingar med godt sikkerheitsklima i eit helseføretak skal vere minst 75 % innan utgangen av 2023.	"Godt" sikkerheitsklima vil seie at minst 60 % av medarbeidarane i eininga skårar 75 eller høgare på faktoren for sikkerheitsklima.	Målt gjennom undersøkinga Forbetring og rekna ut med Helsedirektoratet sin definisjon på indikatoren	Årleg
Forbruk av breispektra antibiotika i norske sjukehus i 2021 samanlikna med 2012. (Målt som desse fem breispektra midla: Karbapenem, 2. og 3. generasjons cefalosporin, penicillin med enzymhemmarar og kinolon).	30 % reduksjon i samla bruk i 2021 samanlikna med 2012.	Legemiddelstatistikken til sjukehusa	Tertialvis
Prosentdelen korridorpatientar på sjukehus.	0 %	Helsedirektoratet	Tertialvis
Prosentdelen epikrisar sende innan 1 dag etter utskriving frå somatisk helseteneste.	Minst 70 %	Helsedirektoratet	Tertialvis
Antal nye kliniske behandlingsstudiar er auka.	Auka med 15 % i 2021 samanlikna med året før	UNIT	Årleg

Vedlegg 2

Oversikt over regionale planar i føretaksgruppa og fagnettverk i Helse Vest – per januar 2021

Plan	Gjeldande frå
Regional plan for smittevern 2017 - 2021	2017
Regional plan for tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelbruk (på høyring, blir styrebehandla i 2021)	2021
Regional plan for habilitering og rehabilitering i Helse Vest (blir revidert i 2021)	2016
Regional plan for svangerskaps-, fødsel- og barselomsorga i Helse Vest 2017-2022	2017
Regional plan for laboratorietenester	2015
Strategi for det regionale arbeidet med medisinske kvalitetsregister i Helse Vest 2016-2020	2016
Regional helseberedskapsplan for Helse Vest – 2019-2021	2019
Teknologi-planen	2018
Forsking- og innovasjonsstrategi 2020-2023	2020
HMS strategi for føretaksgruppa Helse Vest	2015
Regional plan for Revmatologi i Helse Vest 2018-2021	2018
Rapport om oppfølging og implementering av styrevedtak om regional plan for revmatologi	2019
Regional utviklingsplan	2018
Tuberkulose-program i Helse Vest	2019
Regional plan for psykisk helse 2020 -2024	2020
Regional plan for pasienttryggleik og forbetring	2020

Oversikt over faglege regionale nettverk i føretaksgruppa Helse Vest - per januar 2021

Nettverk
Regionalt nettverk for bildediagnostikk
Regionalt nettverk for læring og meistring
Regionalt leiarnettverk for barn og unge, psykisk helse
Regionalt kompetansenettverk - barn og unge med utviklingshemming og utfordrende åtferd (evaluert og vidareført med revidert mandat i 2020)
Regionalt fagnettverk innan persontilpassa medisin
SATS Norge Nettverk for triage
- Regionalt fagnettverk om barn og unge med hjerneskade
- Regional klinisk ressursgruppe for barn og unge med CFS/ME
- Regionalt kompetansenettverk flyktninger og asylsøkere
- Regionalt faglig nettverk innen laboratoriefaget/ene
- Regionalt traumenettverk
- Regionalt tverrfaglig nettverk innen revmatologi
- Beredskapsplanlegging
- Nødnett – oppfølging i sykehusene
- Regionalt intensivnettverk
- Nettverk for prehospitale tjenester
- Regionalt ortopedinettverk
- Legemiddelnettverk
- Føde-/jordmornettverk
- Regionalt nettverk eMeistring
- Regionalt nettverk kjønnsinkongruens
- Regionalt nettverk sikkerhetspsykiatri